

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre - AU
Møtestad: Fjordsenteret, Aurland
Dato: 30.09.2014
Tidspunkt: 11:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Marta Finden Halset	Leiar	
Hans Erik Ringkjøb	Medlem	
Oddvar Østerbø	Medlem	

Merknader

Møtet vart gjennomført med svar på e-post.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/14	Godkjenning av innkalling og dagsorden		

ST 1/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - AU - 30.09.2014

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 2/14 Stølsheimen landskapsvernområde - midlertidig plassering av anleggsbrakke ved Vassøyane, og transport i samband med vedlikehald av BKK sine installasjonar

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - AU - 30.09.2014

Handsaming i møte

Vedtak i tråd med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Arbeidsutvalet for Stølsheimen verneområdestyre gjev BKK produksjon dispensasjon til å setje opp ein midlertidig brakkeleir ved Vassøyane i Stølsheimen landskapsvernområde. Det kan setjast opp inntil 6 små brakker.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 1. ledd, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Plassering av brakkene skal ikkje føra til terrenginngrep, og dei skal plassert i område som har vore nytta til anleggsområde ved sist vedlikehald.
- Arbeidet skal utførast på ein måte som er mest mogleg skånsam for naturmiljøet.
- Brakkene skal transporterast ut av området innan veke 46, og området skal vera rydda opp i slutten av veke 46. Dersom vêrforholda vert vanskelege, kan siste del av oppryddinga gjerast når snøen er borte neste vår, men innan 01.07.15.
- Alt avfall skal transporterast ut av området. Leir- og anleggsområdet skal gje minst mogleg synlege spor i terrenget.
- Det skal sendast rapport med bilde frå arbeidet til sekretariatet straks arbeidet er utført, og innan 01.07.15.

Arbeidsutvalet for Stølsheimen verneområdestyre gjev BKK produksjon dispensasjon til landing med helikopter i Vassøyane i samband med vedlikehald på installasjonar. Det kan gjennomførast inntil 34 landingar i tidsrommet frå og med 2. oktober 2014 til og med 14. november 2014, i tråd med planlagt transportplan.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt.
- Transporten skal om mogleg ikkje skje på søndagar av omsyn til friluftslivet.
- Dette løyvet skal vera med i helikopteret under transport.
- Det skal sendast rapport frå transporten til sekretariatet innan 01.12.14 med informasjon om tal turar og flygerute.